

NVE

14. juli 2010

KLAGE - LØYVE TIL ØYGARDESELVA OG LAURDALSELVA KRAFTVERK I VOLDA KOMMUNE - UTDJUPING

Vi viser til vår klage av 30. juni 2010 og vil gå nærare inn på grunngjevinga for vår klage. Vi viser elles til e-post av 5.7.2010 der vi får forlenga frist til 15.7.2010 med å kome med ei utdjuping av klaga.

Sidan søknaden av 1.2.2007 for Laurdalselva låg føre har ein fått betydeleg ny kunnskap om området som Stigedalsvassdraget renn gjennom. Dette som følgje av betydeleg kartlegging knytt til olivingrunn i samband med ein skogsvegsak og ein gjennomgang av olivinområde i Noreg.

I rapport 2008:06 hos fylkesmannen i Møre og Romsdal, med tittel "Olivinskogene i Norge - en oppsummering av status og verdi" finn ein mellom anna denne utsegna om Laurdalselva:

"Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) dels på grunn av at det er ein kalkskog på Vestlandet, dels fordi det er ei intakt og representativ bekkekløft, og **den einaste vi kjenner til av nokon storleik som i sin heilskap drenerar gjennom olivinberggrunn**. Det er òg funne ein kravfull, raudlista lav. Det er truleg potensial for fleire raudlisteartar. **Mosefloraen er ikkje undersøkt, og det er derfor uvisst kva verdiar som er knytte til bergveggar og læger langs elvestrengen.**" (Vår utheving). Rapporten finst på <http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=1542&amid=1004227>

Det ligg og føre ein annan rapport frå området: Brandrud, T.E. 2009. [Olivinfuruskog og rødlisterarter i Bjørkedalen, Volda: naturverdi og forvaltningsmuligheter](#) (NINA Rapport 461-2009). I denne kjem det mellom anna fram at om ikkje Laurdalselva blir gitt meir enn verdi B på naturtypen representerer Laurdalselva eit anna naturgrunnlag enn mellom anna Tjørnanakkane som har vore meir undersøkt. Det vil difor vere feil å seie om Laurdalselva at området er ein mindre verdifull variant av Tjørnanakkane. Det er rettare å seie at det er eit område med andre føresetnader enn Tjørnanakkane. Området må undersøkast langt betre for å kunne slå fast at det eventuelt ikkje finst spesielle naturverdiar i området.

Utbyggjar peikar på at ytterlegare undersøkingar vil koste meir enn grensa som er sett for biologiske kartleggingar i rettleiaren for småkraftverksøknader. Vi vil peike på at ein må ta utgangspunktet i kva som er nødvendig å utgreie. Naturmangfoldova §§ 9 og 11 seier noko om dette. Ein må elles vente at det blir

stilt strengare krav til slike undersøkingar når det gjeld ei eventuell utbygging av verna vassdrag.

Når ein ser kva ny kunnskap ein har fått for fleire andre olivinområde dei siste 3 åra, noko som skuldast at nokon har drive med undersøkingar, ser ein at det har vore mykje vi ikkje har visst om desse areala. Det kan ein ha mistanke om gjeld også Laurdalselva og artar knytt til vassdraget direkte og indirekte. Sidan dette truleg er einaste vassdraget i verda med denne geologien, er det viktig at denne elva ikkje blir bygd ut. Når det også er ei bekkekløft inne i biletet blir dette ytterlegare forsterka, sidan bekkekløft som naturtype i seg sjølv er truga. Potensialet for å finne sjeldne artar i dette området er truleg betydeleg, men krev altså ein innsats med kartlegging utover det som er gjort til no.

Vi vil også vise til Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for verna vassdrag, der ein i kommentardelen til punkt 3, 9. ledd finn dette:

"En begrunnelse for vern av vassdrag har vært spesielle botaniske, zoologiske, geologiske eller kulturhistoriske forekomster i eller ved vannstrengen eller andre steder i nedbørfeltet. Også forekomster/områder av særlig betydning for landskapsbilde eller for friluftsliv vil utgjøre deler av vassdragets verneverdi. Det er et mål å gi disse områdene spesielt god beskyttelse (jf. pkt 3d). For de ulike verneobjektene kan kunnskapen om denne type verneverdier være svært forskjellig. Ved praktiseringen av retningslinjene må man forholde seg til den kunnskap som til enhver tid foreligger."

Vi merker oss spesielt siste setninga som er særleg aktuell i denne saka. Ny kunnskap fortel at elv over olivingrunn er så spesiell at det må føre til at utbygging ikkje er mogleg.

Vasskraftutbygging i vassdrag verna mot kraftutbygging er undergitt langt strengare kriteriar enn i andre vassdrag. Utbygging som kan gå ut over verneverdiane skal vere uaktuell. Dessutan er det andre kriteriar for kor sto del av vassføringa som kan nyttast viss det først blir gitt løyve til utbygging. For Laurdalselva er slukeevna på 44 % av middelvassføringa. Dette er ei relativt stor slukeevne til å vere i verna vassdrag så langt Naturvernforbundet kan forstå. Vi meiner å ha sett 10% som eit slags utgangspunkt. Installert effekt er også på maksimum i denne utbygginga.

Når det gjeld Øygardselva har denne ei slukeevne på 75% av middelvassføringa. Dette er på line med mange vassdrag som ikkje er varig verna, og representerer slett ikkje noko varsemd for eit varig verna vassdrag. Dette blir ytterlegare forsterka når det altså er to elver ved sidan av kvarandre som er berørt.

Øygardselva har ei større eksponering i landskapet enn Laurdalselva, og kulturverdiane er også betydelege. Dette er moment som er vektlagt i RPR som viktige i vurdering av utbyggingssaker i verna vassdrag.

Det har vore ei relativt sterk utbygging av småvassdraga i Volda og nabokommunen. Få vassdrag er igjen urørte. Difor er det dessto viktigare at det finst nokre vassdrag som ikkje blir regulert. Dette talar heilt klart for at ein skal

vise endå større varsemnd når det gjeld elvene i eit verna vassdrag. Verneplanene er i alle fall eit uttrykk for at noko er meir verdifullt enn noko anna, og i mangel av fylkesplan på dette området får vi i alle fall halde oss til verneplanprioriteringane.

Oppsummering:

Naturvernforbundet ønskjer med klaga å få omgjort NVE sitt vedtak, slik at ingen av desse to vassdraga blir utbygd med kraftverk. Båe vassdraga er viktige, men Laurdalselva representerer i tillegg ved olivingrunnen eit element som er unikt på verdsbasis.

Med helsing

Øystein Folden
Leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Kopi
Olje- og energidepartementet
Miljøverndepartementet
Direktoratet for naturforvaltning
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Volda kommune

FOR 1994-11-10 nr 1001: Forskrift om rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag.

Til pkt 3, nasjonale mål for forvaltning av vernede vassdrag

Stortingets vedtak om Verneplan I hvilte på fire hovedforutsetninger, der den fjerde lyder: « Andre inngrep i de sikrede områder som kan redusere deres verdi for naturvern- og friluftsmål og vitenskap må søkes unngått ». Dette er videreført i seinere verneplaner, jf. bl.a. Innst.S. nr. 10 (1980-81) der det heter:

« Komiteen vil understreke at skal verneplanens intensjoner oppnås, er det imidlertid viktig at det ikke foretas andre tiltak som kan gripe inn i de vernede vassdrag og som reduserer områdenes verneverdi. »

Stortingets vedtak gir ikke videre retningslinjer for sikringen av de vernede vassdrag mot andre inngrep enn kraftutbygging, men i vedtakene ligger en intensjon om å sørge for at verneverdiene som er knyttet til vassdraget ikke blir ødelagt.

Vedtakene om vern av vassdrag har til hensikt å bevare et representativt utvalg av norsk vassdragsnatur for ettertiden. De faglige begrunnelsene for vern varierer fra vassdrag til vassdrag. Det er derfor nødvendig med en differensiert forvaltning etter beliggenhet og miljøtilstand. I Mellquistutvalgets forslag til Verneplan IV (NOU 1991:12A) ble det lagt betydelig vekt på dette.

Punktene 3a-e gir et grunnlag for å forvalte de ulike vassdrag og deler av vassdrag forskjellig etter beliggenhet og miljøtilstand. De utgjør en totaloversikt over hva som ligger til grunn for at vassdrag er vernet, og alle punktene vil ikke være like aktuelle for alle verneobjekter.

I retningslinjene omfatter begrepet landskapsbilde (jf. pkt 3a) både naturlandskap og kulturlandskap.

Med begrepet vassdragets referanseverdi (jf. pkt 3b) menes vassdragets verdi som målestokk for endringer forårsaket av naturinngrep og påvirkninger av ulike slag i andre sammenlignbare vassdrag.

Vassdrag som betyr mye for mange mennesker, fordi de er lokalisert i eller nær byer og tettsteder, er blitt prioritert i verneplanarbeidet. Den primære målsetting for disse områdene er bevaring av grunnlaget for et aktivt friluftsliv og tilrettelegging uten større skade på natur- og kulturminneverdier (jf. pkt 3c).

En begrunnelse for vern av vassdrag har vært spesielle botaniske, zoologiske, geologiske eller kulturhistoriske forekomster i eller ved vannstrengen eller andre steder i nedbørfeltet. Også forekomster/områder av særlig betydning for landskapsbilde eller for friluftsliv vil utgjøre deler av vassdragets verneverdi. Det er et mål å gi disse områdene spesielt god beskyttelse (jf. pkt 3d). For de ulike verneobjektene kan kunnskapen om denne type verneverdier være svært forskjellig. Ved praktiseringen av retningslinjene må man forholde seg til den kunnskap som til enhver tid foreligger.

Eventuelle skader på verdifulle eller potensielt verdifulle områder for landbruk eller reindrift er blitt tillagt vekt ved fastsettelsen av enkelte vassdrags verneverdi (jf. pkt 3e).

De rikspolitiske retningslinjene for vernede vassdrag må ikke oppfattes som noe hinder for at de kommuner som ønsker det kan gjøre mer for å sikre verneverdiene enn det retningslinjene legger opp til.